



Lindås kommune

c

Overordna prosedyre ved bruk av tvang og makt - Eining for funksjonshemma

Status: Gjeldende
 Ikrafttredelse: 08-04-2016
 Type: Reglement
 Utstedelse: 15-04-2016
 Sist revidert: 15-04-2016
 Redaktør: Bernt Fjordheim
 E-post: bernt.fjordheim@lindas.kommune.no

Overordna prosedyrar ved bruk av tvang - Eining for funksjonshemma

Formål:

- Ivareta rettstryggleiken til brukarane
- hindre at dei utset seg sjølv eller andre for vesentleg skade
- sikre at dei får naudsynt helsehjelp og omsorgstenester
- førebyggje og avgrense bruk av tvang og makt

Lover og rundskriv:

Naudsynt bruk av tvang og makt i tenestene er regulert av følgjande lover:

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester, kap 9 i gjeld bruk av tvang og makt mot personar med diagnosen utviklingshemming, ved utføring av tenester som kommunen har gjort vedtak om etter den same lova.

Lov om pasient- og brukarrettigheter kap 4A , gjeld bruk av tvang og makt for å utføre naudsynte helsetenester.

Begge lovene definerer kva som her vert definert som tvang og makt, vær merksam på at dette ikkje alltid samsvarar med vanleg oppfatning av det som i daglegtale vert rekna somtvang og makt.

Til kapittel 9 er det utarbeidd eit rundskriv; [«Rettsikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming – Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester kap. 9»](#). Dette finst også i papirform i avdelinga.

Til Pasient og brukarrettighetsloven er det utarbeidd rundskriv; [«Pasient- og brukarrettighetsloven med kommentarer»](#).

Tilsette i Eining for funksjonshemma skal ha kunnskap om innhaldet i dette lovverket, kjenne til kva som vert definert som tvang og makt etter lova, og kunne relatere dette til eigen praksis for å setje i verk naudsynte tiltak når ein tvang og makt må nyttast.

Prosedyrer for kvalitetssikring av opplæring om tvang og makt finn du i kvalitetssystemet under mappa **Kompetanse og fagutvikling**.

Dersom du har spørsmål om bruk av tvang og makt, er usikker på kva som er lov/ikkje lov, meiner at det vert brukt tvang og makt som ikkje er lovheimla, eller liknande, - ta kontakt med avdelingsleiar eller einingsleiar.